



## Notat

Dato: 11.05.2018  
Arkivsak: 2014/18671-19  
Saksbehandlar: oysmons

---

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Offentleg ettersyn av reguleringsplan for Slettebakken hovedgård – gnr 160 bnr 938 mfl, Bergen kommune – motsegn frå Riksantikvaren**

Saka gjeld reguleringsplan for Slettebakken hovedgård gnr. 160 bnr. 938 mfl. – Bergen kommune, arealplan-ID 1201\_64660000, og Askeladden-ID 87158.

Planforslaget har vore til offentlig ettersyn, med uttalefrist 27.2.18.

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga, fylkeskonservatoren varsla framlegg om motsegn til planen i brev datert 19.2.18, då planen var i konflikt med dei nasjonale kulturminneinteressene som den vedtaksfreda Slettebakken hovedgård representerer. Fylkeskommunen bad Bergen kommune om utsett frist, slik at saka kunne handsamast i møte 20.3.18 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Fristen vart sett til 6.3.18. Saka kunne difor ikkje handsamast politisk innan fristen, og Hordaland fylkeskommune sendte difor saka over til Riksantikvaren, som tok over saka som kulturminnestyresmakt. Riksantikvaren fekk utsett frist til 20.4.18, og var på synfaring 23.3.18 med representantar frå Fylkeskonservatoren, kommunen og representantar for eigarane.

**Riksantikvaren har i brev datert 18.4.18 fremja motsegn til reguleringsplan for Slettebakken hovedgård, arealplan-ID 1201\_64660000, i tråd med fagleg tilråding frå Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune.**

Bergen kommune sin forvaltningskikk i høve utsatt frist i motsegnssaker vert kommentert i brevet frå Riksantikvaren:

«Det vises til epost datert 23.3.18 fra Bergen kommune som redegjør for spørsmålet rundt fristutsettelse i saken. Riksantikvaren forutsetter at fylkeskommunen heretter gis rimelige frister som muliggjør politisk behandling jf. rundskriv T -2 /2003 *Om endringer i plan- og bygningsloven.*»

Brevet frå Riksantikvaren følgjer vedlagt til orientering.

#### Vedlegg

- 1 Kopi - Offentlig ettersyn av reguleringsplan for Slettebakken hovedgård 160/938 mfl., Bergen kommune - Innsigelse